



Svært vellukka basar i Vonheim.

I dag, søndag, gjekk den årvisse og tradisjonsrike Vonheimsbasaren av stabelen. Som alltid var det godt frammøte med fullt hus og svært god stemning. Mange flotte gevinstar var det også i år. Mange av dei 60-70 frammøtte hadde såleis flotte gevinstar med seg heim etter den trivelege ettermiddagsstunda.

Anne Grethe Sjo i styret for Vonheim er svært fornøgd med basaren, og ho fortel at resultatet vart flotte 24.500,- kroner, noko som er ca.1500 kroner meir enn føregående år. Ho vil takka alle som på ulikt vis har støtta opp og har bidrege til det flotte resultatet.



Mykje folk hadde ei koseleg stund på basaren.



Nokre av dei fine gevinstane.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Anne Grethe Sjo